

ÅRSMELDING FOR FJON BÅTLAG 2008

STYRET.

Styret i båtlaget har vore samansett slik:

Formann: Rolf Einar Andvik (1 år)

Kasserar: Åsmund Skuggedal (2 år)

Skrivar: Dag Haarklau (2 år)

Styremedlem : Heidi Andvik (2 år)

Styremedlem : Svein Atle Vestervik (1 år)

Vararepresentantar: Johannes Øpstad (1 år) og (1 år)

Styret har hatt 3 styremøtar i løpet av 2008.

Revisor Grethe Lathi (1 år) og Sissel M. Haugsvær (1 år)

Valkomitè :

Sølvi Øksnes og Bente K. Kvinge (1 år)

MEDLEMMER 2008:

I 2008 har Fjon Båtlag hatt ca. 40 betalende medlemmer. Dette er ein tilsynelatande halvering av år 2007. Dette er ikkje korrekt. Det skuldast ein feil ved utsending av innbetalingsblankettar og vil verte retta opp. I realiteten har Fjon Båtlag ikkje hatt nokre utmeldingar og nokre nye tilmeldingar.

ARRANGEMENT:

Julebord vart arrangert på Møteplassen. Det var Møteplassen som stod for det tekniske arrangementet.

Styret har drøfta litt frem og tilbake rund julebordarrangement. Tanken har vore at det skulle vere både eit sosialt tiltak, men at det også skal gje litt inntekt til båtlaget. Dette krev ein del eigeninnsats. Det var liten kapasitet til det og derfor vart årets julebord eit avgrensa opplegg utan noko stor inntekt.

MERKESDALEN:

Me hadde dugnad i Merkesdalen 23. mai. Det vart raka stein og rydda på badestranda og deler av graset borte ved stranda vart klippa.

Vaktordninga i Merkesdalen fungerer fortsatt bra. Me får positive tilbakemeldingar på denne og vil takke alle på vaktlista for flott innsats.

Me har sett opp ein postkasse der folk kan betale kr.50,- i døgngleige.

SMÅBÅTHAVNA:

Det har vore dugnad i Båthavna 12 april og 3 mai. Det vart utført ein rekke mindre oppdrag for å fullføre noverande anlegg.

Elles har styret hatt ein del hendvingingar ift nye plassar og har jobba ein del med det. Ein har ikkje noko endeleg skisse på dette enno, og arbeidet vil halde frem i 2009.

INFORMASJON:

Styret har drøfta korleis ein kan kome lettare ut med informasjon til medlemmar og andre interesserte. Ein har oppdatert info-oppslag i Båthavna og i Merkesdalen. Ein har sendt ut litt info til medlemmar i forkant av dugnad våren 2008 og gitt opp epostadresse som kan nyttast. Ingen meldingar har kome inn. Ein har også drøfta om ein skal opprette ein heimeside for å utvikle informasjonsarbeidet. Der er ikkje gjort endeleg vedtak om dette.

Elles er namn og telefon til formann Rolf Einar Andvik og havnesjef Jarle Haugsvær godt kjend i bygda. Dei har hatt ein del kommunikasjon og gitt ein del informasjon om ulike saker som Fjon Båtlag arbeider med.

Ostereidet, 080309

for styret

Dag Haarklau
Skrivar